



Månadsbrev mai 2024

5.-8. fekk mykje inspirasjon av Arne Kristian Lindmo då han fortalte om både innhald og illustrasjonar til Trollheim-serien, og alle som ville, fekk forsegjorte teikningar og signatur i ei bok eller to. Om det blei dansa argentinske tango på skulen i april er eg usikker på, men det er alltid kjekt med kulturell skulesekk! Engasjementet på verdas bokdag var stort, og det vart presentert mange gode bøker, så ta dykk gjerne ein titt og ein les på biblioteket etter kvart. Sinnes SFO markerte den aller første nasjonale SFO-dagen saman med SFO på Tonstad på Stronda 24. april. Det var leik og aktivitet heile dagen, samt grilling og is. 9. klasse har vore på besøk i barnehagen for å treffa 5-åringane dei skal vera fadder for til hausten, og ungdomsskuleelevene er glade for at årsprøvane er overstått for denne gongen, reknar eg med!

Det er ikkje så lenge til 10. klasse får vita kva dei kjem opp i til skriftleg eksamen, men før det set ungdomsskulen opp "Dyrene i Hakkebakkeskogen". Måndag 6. mai ser 1.-7. klasse førestillinga i skuletida, medan foreldre, sysken og slekt er hjarteleg velkomne til førestillinga kl. 18.00. 7. mai får 10. klasse vita om dei kjem opp i engelsk (14.), norsk (15. og 16.) eller matematikk (21. mai) i skriftleg eksamen.



Innimellom skal elevråda på Sinnes og Tonstad medverka i utarbeiding av nye ordensreglar 2. mai, og utval for oppvekst og levekår kjem på besøk på skulen 22. mai. Det er Kr. Himmelferdsdag 9. mai med fri på fredagen òg. Plutseleg er det 17. mai og pinsehelg, og 10. klasse reiser til Bulgaria 27. mai - 4. juni. Det blir munnleg eksamen siste veka før sommarferien, dvs. onsdag 19. juni med avslutningsfest same kveld.

Skulebibliotekaren, Kristina, minner om at elevane har fått med seg ei liste frå biblioteket med oversyn over lånte bøker som helst bør leverast inn att så fort som mogleg. Sidan dei nyttar sjølvbetening når dei låner bøkene, kan det vera ganske mange bøker på lista... Det er i alle fall ei bok nokon ventar med lengsel på, så sjekk nøyte.



Nå trudde eg alle elevane på bussen frå Tonstad var ivrige til å trekka busskortet, men det stemde visst ikkje. Dei må registrera seg med busskort både morgen og kveld, og skulle nokon ikkje finna det att, gje beskjed til rektor, så ordnar me eit nytt. Men; det må passast godt på i sommarferien, for det skal brukast på kvar busstur då òg! Og skulle nokon mista det, så gjev de sjølvsagt beskjed så snart som mogleg.

Hugs onsdagsskule for 1.-4. klasse 15. og 22. mai, og bruk elles fridagane godt!

Sinnes 30.05.24
Åse-Berit (rektor)